



Rapport frå inspeksjon ved Myrkdalen Reinseanlegg AS nr. 2010.080

Namn på verksemda: Myrkdalen
Reinseanlegg AS

Arkivkode: 2010/32848

Adressa til verksemda: Myrkdalen, 5701 Voss

Anleggsnr.: 1235.0039.02

Organisasjonsnr.: 986 354 530

Sist tilsyn: 24. september 2004

Utsleppsløyve av: 28. februar 2002

Tidsrom for inspeksjonen: 11. oktober 2010

Til stades frå verksemda:

Nils Akselberg
Knut Hellesnes
Øystein Hirth
John Helge Måren

Til stades frå Fylkesmannen:

Sissel Storebø
Kjell Kvingedal
Nina Vadøy Antonsen

Rapporten inneheld :

Rapporten skildrar avvik som vart funne innanfor område ytre miljø.

Hovudkonklusjon

Under inspeksjonen vart følgjande avvik funne:

1. Avvikshandtering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.
2. Risikovurdering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.
3. Verksemda oppfyller ikkje krav om akkreditert prøvetaking.


Frist for å rette avvika er sett til 1. februar 2011.

Godkjent dato:

28 OKT 2010


Kjell Kvingedal
seksjonssjef

Utarbeidd dato : 28 OKT 2010


Nina Vadøy Antonsen
overingeniør

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter ein inspeksjon ved Myrkdalen Reinseanlegg AS den 11. oktober 2010. Inspeksjonen er ein del av ein landsomfattande aksjon som blir gjennomført i samarbeid med Klima- og forureiningsdirektoratet med kontroll av avløpsanlegg i større tettstader. Fylkesmannen har gjennomført kontrollen for å sjå til at avløpsanlegget blir drive i tråd med gjeldande krav. Rapporten skildrar eventuelle avvik og merknader som vart funne under kontrollen. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er slik:

AVVIK blir definert som brot på vilkår gitt i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

MERKNAD er eit tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og blir lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- forureiningslova § 7 første og andre ledd
- forureiningsforskrifta kapittel 11 og 14
- internkontrollforskrifta
- avfallsforskrifta
- utsleppsløyve av 28. februar 2002
- verksemda sin eigen dokumentasjon som vart lagt fram ved inspeksjonen

3. Omfang

Følgjande område vart dekt under inspeksjonen:

- internkontroll med hovudvekt på avvikshandtering og risikovurdering
- klimatilpassing
- overløp av ureina avløpsvatn
- avløpsleidingar
- styring og drift av avløpsreinseanlegg
- reinsekrav til anlegget
- oppfyljing av reinsekrava

Fylkesmannen har under inspeksjonen ikkje vurdert andre tilhøve ved verksemda.

4. Avvik

Avvik 1

Avvikshandtering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7 (finne og rette opp avvik)

Kommentar

Det er ikkje etablert eit skriftleg avvikshandteringssystem for ytre miljø og for avløpsanlegget. Verksemda har ikkje ei skriftleg prosedyre for handtering av avvik. Ved tilsyn vart det opplyst at verksemda ikkje har hatt avvik dei siste to åra.

Eit avvikshandteringssystem skal sikre at alle avvik blir registrert, for å rette opp, førebyggje og unngå utslepp til ytre miljø. Verksemda skal setje i verk rutinar for handtering av avvik og dokumentere desse skriftleg.

Avvik 2

Risikovurdering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande.

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (vurdere risiko)

Kommentar

Det er ikkje utarbeidd ei skriftleg miljørisikovurdering for avløpsanlegget. Ei risikovurdering skal omfatte all påverknad anlegget har på ytre miljø. På bakgrunn av dette skal verksemda vurdere risiko og utarbeide tilhøyrande handlingsplanar for å redusere risikotilhøva. Risikovurderinga og handlingsplanane skal verksemda dokumentere skriftleg.

Avvik 3

Verksemda oppfyller ikkje krav om akkreditert prøvetaking.

Avvik frå:

Forureiningsforskrifta § 14-11 (prøvetaking)

Kommentar

I samsvar med forureiningsforskrifta § 14-11, skal den ansvarlege for avløpsanlegg sørge for at det blir tatt prøver av reinsa avløpsvatn. Verksemdar som utfører prøvetakinga, under dette konservering, skal frå 31.12.08 vere akkreditert for prøvetaking eller ha eit tilsvarande kvalitetssikringssystem for prøvetaking som er godkjent av ein kvalifisert nøytral instans.

Det vart under tilsyn opplyst at Myrkdalen Reinseanlegg AS ikkje oppfyller desse krava i dag. Fram til avløpsanlegget er tilrettelagt for akkreditert prøvetaking, må verksemda søkje Fylkesmannen om utsett frist.

6. Andre tilhøve

Reinseanlegg

Verksemnda opplyste at det ligg føre planar av om lag 2000 nye einingar i Myrkdalen. Reguleringsplanen er til handsaming i kommunen. Det er ikkje avklart om verksemnda vil oppgradere eksisterande anlegg eller etablere nytt sekundærreinseanlegg.

Eksisterande utsleppsløyve

Utsleppsløyve av 28. februar 2002 vart gitt før forureiningsforskrifta kapittel 14 trådde i kraft. Løyve er framleis gjeldande med følgjande endringar; avløpsnett, overvaking, utforming og drift av reinseanlegget, prøvetaking, analyse, vurdering av analyseresultat og varsling av avvik frå reinsekrav, jf. forureiningsforskrifta § 14-17a.

Gjeldande utsleppsløyve bør reviderast. Fylkesmannen finn det likevel naturleg å avvende revisjon av løyve, til verksemnda har avgjort om det blir oppgradering av eksisterande avløpsanlegg eller etablert nytt.

Akkreditert prøvetaking

Verksemder som utfører prøvetaking, under dette konservering, har frå 31. desember 2008 krav om akkreditert prøvetaking, jf. forureiningsforskrifta § 14-11. Fylkesmannen er kjent med at verksemnda ikkje kan imøtekomme dette kravet. Myrkdalen Reinseanlegg AS må starte prosessen med å søkje om utsett frist på akkreditert prøvetaking.